



Erik Knag Johannesen
Sagstadvegen 127
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2659 - 19/7084

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
29.03.2019

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Solhaugvegen Gbnr, 18/12 Øvre Sagstad

Administrativt vedtak. Saknr: 84/2019

Saksutgreiing:

Erik Knag Johannesen søker i søknad dagsett 14.11.2018 om løyve til å bygge ein landbruksveg og oppstillingsplass på Gbnr. 18/12 på Øvre Sagstad. Det vert søkt om å få bygge ein veg i vegklasse 4 på ca. 145 meter og ein oppstillingsplass samband med vegen, oppstillingsplassen skal også tene som snuplass og velteplass. Vegen og oppstillingsplassen skal nyttast i samband med jord - og skogbruk på garden.

Vegen er tenkt nytta 100 % i jordbruksformål, med 50 % skogbruksformål og 50 % jordbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 11,5 daa, kor 5 daa er jordbruksareal og 6,5 daa skog. Det ståande volumet er på om lag 195 m³. Byggjekostnad er kalkulert til 200.000 kr.

Eigedommen har 13,7 daa skog, 7,7 daa fulldyrka jord, 4,1 overflatedyrka jord, 12,5 daa innmarksbeite og 5,1 daa anna areal. Søkjar ynskjer å bygge ein betre tilkomst til jord- og skogbruksareala på eigedomen. Det ikkje veg bort til skogen ved tunet og det eller heller ingen god tilkomst til driftsbygningen på bruket.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen ut gjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

Søkjar vil bygge vegen for å få betre tilkomst til både jordbruksareala og skogen på bruket. Det er heller ikkje vegtilkomst til kjeller og første etasje på løa på bruket. Søkjer må køyre over innmarka for å komme til

skogen, deler av innmarka eller til nedre del av løa. Det er planlagd å byggja ein oppstillingsplass i samband med vegen, denne skal kunne fungere som snuplass for lastebil/tømmerbil og velteplass.

Bygging av vegen vil gjøre tilgangen på eigen innmark lettare og betre utan å risikere køyreskader på innmarka. Betre vegtilkomst vil samstundes gjøre det enklare å kunne drive jorda og skogen på bruket. Landbruket krev stadig fleire og større maskiner, og i eit vått klima er det viktig med god vegtilkomst. Vegar kan redusera køyring på innmark og difor redusera køyreskader og jordpakking. I skogbruket og jordbruket er ein avhengig av løysingar som legg til rasjonell og økonomisk drift, samstundes må drifta ikkje gjøre skade på innmark. Det er i dag ikkje vegtilkomst fram til dei nedre etasjane av løa på bruket. Det er uehdlidig med tanke på vedlikehald, drift og rasjonell bruk av bygningsressursane på garden. Det er ikkje sjølvstendig drift på eigedomen, men det framleis skal areala skjøttast og bygningar haldast ved like. Betre infrastruktur vil også vere viktig dersom det blir sjølvstendig drift på bruket ein gong i framtida.

Ved å opparbeida ein oppstillingsplass som kan fungere som snuplass og velteplass får ein rasjonell og effektiv infrastruktur for å transportera tømmeret ut av skogen og over på tømmerbil. Oppstillingsplassen vil også kunne sikra eit godt eigna stad til produksjon av ved, material og lagring av landbruksutstyr.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen i Hordaland har ingen motsegn mot vegen.

Hordaland fylkeskommune varsla i brev 06.12.2018 at dei ynskte å gjennomføra ein kulturhistorisk synfaring i området. Denne er gjennomført og det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for nye funn vart vurdert til å vera lågt. Me finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar i området. Dei har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar underarbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Kulturavdelinga i Meland kommune har ikkje motsegn men viser til at det er ein steinmur langs vestsida av eigedomen Gbnr.18/12 som er intakt. Nordaust i eigedomen, ved den planlagde landbruksvegen, ligg to rydningsrøyser som bør bli handsama som kulturminne. Det bør vere minst to meter klaring mellom rydningsrøysene og nærmeste grøftekant langs landbruksvegen.

Steingarden i grensa av eigedom Gbnr.18/12 vert ikkje påverka av omsøkt tiltak. Ved bygging av vegen, må ein ta omsyn til dei to rydningsrøysane som er omtalt. Det er kunn 1 av røysane som ligg nært omsøkt vegtrase. Administrasjonen meiner at ein ved bygging av vegen skal ha to meter mellom røysa og nærmaste grøftekant for å unngå skade på denne.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Etter gjennomgang avartskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området (jf. § 8). Det er registrert eit større område frå Frekhaug til Sagstad i 2016 kor det er observert vipe. Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9).

Administrasjonen meiner at tiltaket kan gjennomførast sjølv om det er eit området for vipe over eigedomen. Området som er registrert i artskart er meget stort og det er usikkert kor stor del av dette området som vert nytta av vipene. Området omfattar mellom anna Sagstad skule, deler av Fossemyra idrettsanlegg og bustadområder. Administrasjonen meiner det er mindre truleg at det er hekking i det omsøkte området. Administrasjonen meiner at tiltaket kan gjennomførast, men at ein må vere oppmerksam på om det er viper som hekker i området. Dersom det vert oppdaga hekking, må det takast omsyn til hekkinga ved bygging, jf. naturmangfaldlova § 6 generell aktsemeldsplikt. Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Naturmangfaldslova §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen meiner at det omsøkte tiltaket vil gi bruket betre infrastruktur, og gi eit betre grunnlag for rasjonell drift. Vidare vil vegen og oppstillingsplassen kunne gjere skjøtsel og drift av jord, skog og bygningar lettare og betre. Administrasjonen vil etter ein samla vurdering av tiltaket gje løyve til bygging av omsøkt landbruksveg i vegklasse 4 med oppstillingsplass.

Vedtak

«Meland kommune gjev med heimel i landbruksvegforskrifta §§ 3-2,3-3 og 3-4 løyve til bygging av landbruksvegen Solhaugvegen med oppstillings/snuplass/velteplass. Det skal byggast ca. 145 meter nyanlegg i vegklasse 4.

Byggjeløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 4 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 02.04.2022.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
4. Det må takast omsyn til rydningsrøysane ved bygging, og det skal vere to meter mellom nærmaste grøftekant og røysa slik at denne ikkje tek skade av bygginga.
5. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Mottakere:

Erik Knag Johannessen

Sagstadvegen 127 5919

FREKHAUG